



Børnes sett frå Skorpo, med djupvannskai og Hjørnevåg i front. (Foto: Kjell Yri)

Børnes i Uskedalen er eit spanande industriområde med eit stort potensiale, ikkje minst fordi det er knytt til ei djupvasskai.

Det streka kommunestyremedlem Gunnar Røssland under i Kvinnherad Venstre sitt årsmøte på Husnes. Han viste til at området har 45 ferdig regulerte mål som står ubebygde. Eidsvik Skipsbyggeri disponerer 30 mål av desse. Dei 15 mål som står til disposisjon kan enten bli planert ut eller seld slik dei er. Det var etterspurnad og sal seinast i 2007. Det må takast omsyn til Hjørnevåg-bedrifta, men den er ikkje noko stort hinder for ei vidareutvikling på Børnes, meinte Røssland.

Han tok utgangspunkt i et folketalet har gått ned i Kvinnherad dei siste åra og for å snu denne trenden må kommunen vise at den er positivt innstilt til næringsutvikling, både eksisterande bedrifter og nyetableringar. For første bud for å få fleire til å flytte til Kvinnherad er arbeidsplassar.

- Vi må gjera oss attraktive og tilby areal. Det er viktig å få på plass tilgjengelege industriområde snarast, understreka Røssland.

Han minte om at kommunen har 30 millioner i skatteinntekt frå det private næringsliv og 90 prosent av dette kjem frå Søral.

- Det nyttar ikkje berre med fine ord, vi må ha næringsareal klare til einkvar tid. Når kvar enkelt får planleggja fører det ikkje fram. Oppskrifta må vera å gå inn i grunnforhandlingar så snart planane er vedteke og legge til rette 30-40 mål i slengen med veg, vatn og kloakk. Her er det nok å visa til kva dei har fått til i Heiane på Stord og Flesland-området i Bergen, sa Røssland.

Gjennom ein slik strategi oppnår kommunen stordriftsfordelar og reduserte prisar. Det er fleire finansieringsmåtar, men Røssland tykte det er enklast med etablering av tomteselskap, som står på egne bein men som er eigd av kommunen.

Venstre-politikaren som no får ei sentral rolle i arbeidet med næringsutvikling er glad for at det nye politiske fleirtalet tar dette på alvor.

- No må vi vera pådrivarar og løfte ut næringspolitikken frå den hengemyra den har lege i ei stund, sa Røsland. Når det gjeld funksjonen som næringssef i kommunen var han ikkje framand for tanken om innleige av ein person.

Av Ola Matti Mathisen



Gunnar Røsland – Venstre-pådrivar for næringsutvikling. (Foto: Ola Matti Mathisen)